



Stor stas å overrekkja blomar til Kongen og Dronninga.

**Fredag for ei veke sidan var det stor stas med Dronningbesøk i Rosendal. Då var mellom anna alle elevane ved Uskedalen skule i fremste rekkje i mottakskomitèen då dei to Dronningane kom til lands. Tirsdag denne veka fekk ein 5 år gammal gut med sterk Uskedalstilknyting ei heilt spesiell oppleving då Kongeparet besøkte Kvalsund i Finnmark.**

Etter Rosendalsbesøket var Kongen og Dronninga i kongeleg bryllup i Sverige. Deretter starta dei på rundreise i Finnmark fylke, og tirsdag besøkte dei Kvalsund. I samband med det vart Ailo Mathias Lægland Eira, som vert 6 år i august, trekt ut blant barnehageborna til å overrekkja blomar til Kongeparet saman med Marie Iversen(7).

Mor til Ailo Mathias, Anette Lægland, er frå Uskedalen, og Birger og Kristine Lægland i Korsnes er besteforeldre til guten. Anette og familien bur no i Skaidi i Kvalsund kommune. Ailo Mathias vart døypt i Uskedal kyrkje. Han har to yngre brør på 3 år og 1/2 år. Sist vinter budde Anette og borna i Uskedalen frå november til påske i samband med at yngste guten vart fødd. I denne perioden gjekk Ailo Mathias i barnehage i Rosendal medan broren fekk plass i Uskedalen.

No er dei for lengst tilbake i Finnmark, og tirsdag vart altså ein uforgløyemeleg dag for familien. Ailo Mathias som snakkar kav Uskedalsdialekt, stilte i flott samebunad då faren er same. Staseleg som han var, passa han perfekt til å gje blomar til Kongen og Dronninga.

Ailo Mathias fortalde at han hadde gledd seg veldig til å treffa Kongen og Dronninga, og at han hadde øvd på å sei velkommen til Kvalsund.

Etterpå syns han det hadde vore veldig kjekt, og han lurte på om han hadde vore flink. Og så vart han veldig overgitt då han kom på fjernsyn!



Flotte born klar til å møte Kongeparet.

De kan lese meir på [iFinnmark](#) og på [NRK](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Trond Ivar Lunga/ iFinnmark og Gyda Hesla/NRK